



# DET KONGELIGE BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Barneombudet  
Pb. 8889 Youngstorget  
0028 OSLO

Deres ref  
23/00247

Vår ref  
23/839-

Dato  
10. mai 2023

## Svar på brev om bekymring for fosterheimsomsorga

Takk for dykkar brev om uro over tilstanden i fosterheimsomsorga.

Mangel på fosterheimar har vore ein stor utfordring i mange år.. Bufdir arbeider med ulike tiltak som skal bidra til betre rekruttering av fosterheimar for barn som ventar på å flytte inn i fosterheim. Dette vil vera tiltak innanfor eksisterande lov og rammeverk, og som derfor kan setjast i gang raskt. Tiltaka skal både stimulere til at fosterheimar som ventar på barn blir motivert og i stand til å ta imot barn det kan vere vanskeleg å finne fosterheimar til, og bidra til å rekruttera fleire fosterheimar. Å støtte opp om kommunane sitt arbeid med rekruttering i slekt og nettverk vil vere viktig framover

For å få nok fosterheimar som kan møte behovet til barna, er det viktig at det offentlege sørgjer for gode rammer for dei som er fosterfamiliar. I dette ligg både at fosterfamiliarne får tilstrekkeleg og rett rettleiing og oppfølging, og føreseielege økonomiske rammevilkår. Det er ei viktig oppgåve for departementet å støtte kommunane sitt arbeid på dette området. Bufdir er i gong med å utarbeide faglege tilrådingar for kommunane si oppfølging av fosterheimar, og utviklar eit nytt opplærings- og oppfølgingsprogram for fosterforeldre. Det er også løyvd midlar til utviklingsprosjekt, kor kommunar samarbeider om å få på plass betre oppfølgings- og rettleiingstilbod til fosterforeldre.

Lovendringa som trer i kraft 1. juli i år, inneber at barnevernstenestene ikkje lenger kan «plassere barn i et fosterhjem som har inngått avtale med en privat tjenesteyter om godtgjøring for eller innholdet i fosterhjemsoppdraget».

Lovendringa blei ikkje gjort fordi ein skal bruke mindre pengar på fosterheimsomsorga, slik det kan forstås som i brevet frå ombudet. Lovendringa blei gjort for å tydeleggjere at det må

vere kommunen som inngår den konkrete avtalen med fosterheimen. Dette er viktig fordi det er kommunen som står til ansvar for at barnet si rett til omsorg og oppfølging i fosterheimen blir ivareteke. Det er ein nær samanheng mellom dette og lova sitt krav om at det berre er kommunen som kan velje og godkjenne fosterheimar til det einskilde barnet.

Utover det er det kommunane sjølv som bestemmer i kva grad dei skal nytte private i fosterheimsarbeidet sitt. Det er ikkje noko i vegen for at private aktørar også etter 1. juli kan rekruttera fosterheimar og stilla dei til disposisjon for det offentlege, men då utan avtale med fosterheimen om innhaldet i fosterheimsoppdraget når eit barn bur der. Vidare kan private aktørar framleis inngå avtalar med barnevernstenesta om rettleiing, avlastning og opplæring av fosterheimar. På den måten vil det også framover vera mogleg for kommunane å nytta seg av kompetansen som private aktørar har på desse områda.

Eg vil også vise til at denne lovendringa hadde støtte frå KS i høyringsrunden. Eg har sjølv fått tilbakemeldingar frå barnevernsleiarar i kommunar som har venta på at denne lovendringa trer i kraft, og som meiner at det vil lette deira eige arbeid med fosterheimsrekruttering og oppfølging.

Eg vil understreke at avtalar om tilbod i fosterheimar som blir inngått før lovendringa trer i kraft, vil kunne fortsette. Forbodet har dermed ikkje tilbakeverkande kraft. Lovendringa omfattar ikkje statlege beredskapsheimar og spesialiserte fosterheimar, slik at Bufetat kan nytta seg av private aktørar for desse tiltaka på same måte som tidlegare.

Framover vil eg prioritere å følgje opp store leveransar og utgreiingar på fosterheimsområdet. I brevet blir det vist til Menon Economics sin delrapport i det større evalueringsarbeidet av barnevernsreformen. Det siterast mellom anna ein tilråding frå rapporten om det bør *«gjennomføres en samlet analyse av kapasiteten for ulike typer fosterhjem. Kapasiteten bør vurderes opp mot forventet utvikling i historisk behov/etterspørsel»*.

Eg ønskjer i denne samanhengen å vise til at Bufdir har fått i oppdrag å greie ut tiltaksporteføljen til barn som ikkje kan bo heime. Utgreiinga skal leverast i juni 2023 og skal mellom anna sjå på korleis ein kan vidareutvikle tiltak utanfor heimen for barn det er vanskeleg å finna eigna fosterheimar til i dag. Eg vil òg vise til *NOU 2023: 7 Trygg barndom, sikker framtid*, kor det blir foreslått fleire tiltak på fosterheimsområdet.

Det blir viktig framover å følgje opp desse utgreiingane. Dei vil stå sentralt i det framtidige arbeidet med å styrkje fosterheimsomsorga.

Med helsing

  
Kjersti Toppe